



Arkivnr: 2016/504-1  
Saksbehandlar: Jostein Farestveit

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.01.2016

## Gjennomgang av støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar 2016

### Samandrag

I august 2013 vedtok fylkesutvalet gjeldande retningslinjer og forvaltingspraksis for regionale næringsretta utviklingsaktørar (Sak 199/13, vedtak i vedlegg). Fylkesrådmannen gjer kvart år ny vurdering av gjeldande partnerskapsavtaler med omsyn til lenging, avslutning eller etablering av nye avtalar.

Aktørar som vert vurdert til partnerskapsmidlar skal gjennom bestemte aktivitetar og tiltak medverke til å oppfylle mål i Regional næringsplan, Handlingsprogram for næringsutvikling og eventuelle næringsretta strategiar innan det aktuelle feltet. Årleg saksvurdering og vedtak i fylkesutvalet skal gje ei rasjonell og kunnskapsbasert vurdering av kva aktørar som skal få støtte og i kva tilfelle støtte skal avviklast.

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram korleis dei tilgjengelege midlane på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» bør fordelast. Vidare føreslår fylkesrådmannen kor stor del av HNH-budsjettet som skal nyttast til partnerskapsstøtte og fordelinga av desse midlane.

Totalt syner denne saka fordeling av støtte på kr 22 773 000.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» :
  - Partnerskapsmidlar til Fjord Norge AS med kr 2 400 000 i 2016
  - Marknadsføringsstøtte til Destinasjonsselskapa i Hordaland med kr 600 000 for 2016 – 2017
  - Regionråda i Hordaland med kr 1 012 000 i 2016
  - Western Norway Film Commission med kr 500 000 for åra 2016 og 2017
  - Filmfondet Fuzz med kr 500 000 for 2016
  - Maritimt forum Bergensregionen med kr 400 000 for åra 2016 og 2017
  - Design Region Bergen med kr 400 000 for åra 2016 og 2017
  - Knowledge Hub Bergen med kr 100 000 i 2016, samtidig som avtala vert sagt opp med 6 månaders varsel.
2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016:
  - NCE Seafood Innovation Cluster med kr 450 000 i 2016
  - Atheno med kr 1 200 000 i 2016-2017
  - Næringsshagen i Gulen og Masfjorden med kr 150 000 i åra 2016 og 2017
  - Næringsshagen på Voss med kr 300 000 i åra 2016 og 2017
  - Næringsshagen i Hardanger med kr 300 000 i åra 2016 og 2017
  - Matarena AS med kr 200 000 i åra 2016 og 2017

- Partnerskapsavtala med Uptime Centre of Competence vert sagt opp gjeldande frå 2016.

3. For all støtte under punkt 1 og 2 gjeld at støtte for 2017 kan verte justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen, og/eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei eiga sak om fylkeskommunen sitt vidare samarbeid med aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram frå og med 2017.
5. Ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar vert gjennomgått av fylkesrådmannen, og eit framlegg til ei søknadsbasert ordning vert fremja til politisk handsaming i midten av 2017.
6. Det vart lagt fram ei eiga sak om Filmfondet Fuzz våren 2016 gjeldande ny struktur og fylkeskommunen si rolle i fondet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017
- 2 Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015

## Fylkesrådmannen, 13.01.2016

### 1. Bakgrunn

Gjeldande retningslinjer og forvaltingspraksis for regionale næringsretta utviklingsaktørar vart vedtatt av Fylkesutvalet i august 2013. På grunnlag av dette vedtaket fremjar Fylkesrådmannen årleg ei sak som omhandlar partnerskapsmidlarmidlar til næringsretta utviklingsaktørar. Partnerar som får denne støtta vert vurdert som viktige for å nå dei næringspolitiske måla i Regional Næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (vedlagt).

Fylkeskommunal støtte til samarbeidspartnarar vert delvis gjeve over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» som i 2016 er på kr 15 733 000. Av dette er det etter vedtak i 2015 øyremerka kr 9 821 000 til ulike samarbeidspartnarar. I Fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2016 vart det i tillegg sett av kr 250 000 til Nordiske mediedagar. Denne løyvinga er slått saman med budsjettposten Næringsretta partnerskapsmidlar, slik at den totale ramma vert kr 15 983 000.

Det er for 2016 underdekning av partnerskapsmidlar og då særskilt på dei fylkeskommunale midlane innan budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». Det er difor i nokre høve naudsynt å redusere løyvingane til partnerane samanlikna med tidlegare år. Den fylkeskommunale budsjettposten som nyttast til næringsretta aktørar er vorte gradvis redusert frå om lag kr 18 339 000 i 2012 til kr 15 733 000 i 2016.

I tillegg støttar fylkeskommunen nokre samarbeidsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH-budsjettet). Aktørane som får støtte over dette budsjettet er i hovudsak aktørar som er i ein oppstartfase og aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram i regi av Innovasjon Noreg(IN), Noregs forskingsråd(NFR) og Selskapet for industrivekst(SIVA). I 2016 vart det sett av kr 8 180 000 i HNH budsjettet til dette føremålet. Også desse midlane er kraftig redusert dei seinaste åra, og fylkesrådmannen føreslår for 2016 å redusere bruken av desse midlane til næringsretta partnerar til kr 6 790 000. Fylkesrådmannen meiner det skal vere rom for dette innan dei rammene som er skissert for 2016.

### 2. Tidlegare handsaming

Fylkesutvalet vedtok 29.08.2013 (Sak 199/13) prioriteringskriterier og forvaltingsregime for støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar. Desse er i sin heilskap gjeve att til slutt i denne saka. Under finnast kriteria som fylkeskommunal støtte til regionale næringsretta aktørar skal vurderast ut frå.

1. Fylkeskommunal støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar skal vurderast ut frå desse kriteria:
  - a) Aktørane skal gjennom definerte aktivitetar og tiltak medverke til å oppfylle mål og prioriterte innsatsområde i regional næringsplan, regionalt utviklingsprogram og eventuelle vedtekne næringsretta strategiar på det aktuelle feltet.
  - b) Er fylkeskommunal støtte avgjerande for eksistensen for samarbeidsaktørane, eventuelt for dei aktivitetane fylkeskommunen ønskjer å styrke.
  - c) Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre samarbeid og fagleg koordinering av innsatsen i høve til andre aktørar med same eller tilgrensande arbeidsfelt/fagområde.
  - d) Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre ressursutnytting gjennom fysisk same lokalisering, felles kontortenester etc.
  - e) For prosjekt og einingar under nasjonale næringsutviklingsprogram blir det i tillegg lagt inn som eit prioriteringskriterium om fylkeskommunale midlar vil ha ein utløysande effekt ved etablering eller medverke til monaleg høgare aktivitetsnivå. Dette skal også gjelde regionale tiltak og einingar med tilsvarande formål, men som ikkje er med i nasjonale program.

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015, i sak 27/2015 om gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale utviklingsaktørar, fordeling av midlar for 2015. Vedtaket er i sin heilskap gjeve att til slutt i denne saka, medan kort informasjon om kvar aktør vert presentert under punkt seks og sju i denne saka.

### 3. Nasjonale føringar

Forskrifta for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar, med verknad frå 1. januar 2014, regulerer forvaltninga og bruken av midlane fylkeskommunen vert løyvd over Statsbudsjettet kapittel 6, post 551. 60.

Denne seier at desse midlane i hovudsak:

- ikkje kan nyttast til drift av næringsverksemd eller organisasjonar, men at det er gjeve unntak for nye organisasjonar i ein utviklingsfase på inntil fem år.
- at utviklingsaktørar som er med i nasjonale program kan støttast så lenge dei er med i programmet. Dei mest aktuelle programma er Klyngeutviklingsprogrammet (ARENA, NCE og GCE), næringshage og inkubatorprogramma, VRI programmet og SFI-programmet<sup>1</sup>.

Desse føringane inneber at nye aktørar i ein utviklingsperiode kan støttast med midlar over HNH-budsjettet, medan etablerte aktørar som skal løyvast partnerskapsmidlar frå fylkeskommunen må få dei over andre budsjettpostar. Dette skjer i praksis over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar».

### 4. Gjennomgang av ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar

Det gjeldande forvaltingsregimet for næringsretta partnerskapsmidlar har no vore gjeldande sidan 2013 og det er naturleg å gjere ei evaluering av korleis dette har fungert så langt.

Fylkesrådmannen ønskjer òg å sjå på mogelege endringar for tildeling av næringsretta partnerskapsmidlar og det vil difor verte gjort ein gjennomgang av det eksisterande forvaltingsregimet, med sikte på å gjere ordninga enno meir open og tilgjengeleg. Mellom anna bør det verte enno klarare korleis nye aktørar kan få tilgang til denne støtta, og harmonisere storleiken på støttebeløpa.

Det vert i denne omgangen difor ikkje inngått lengre avtalar enn ut 2017.

Ei eventuell ny søknadsbasert støtteordning vil fremjast til politisk handsaming i første halvdel av 2017, og slik kunne vere operativ i god tid før 2018.

#### Aktørar som er med i nasjonale klynge- og nettverksprogram

Hordaland fylkeskommune er ein aktiv pådrivar for å få opp sterke nettverk som kan utløyse midlar frå nasjonale næringsutviklingsprogram, hovudsakleg frå SIVA, Innovasjon Noreg og Noregs Forskningsråd. Hordaland har hatt god utteljing på dette området, og fylkeskommunen har hatt ein praksis med å gå inn i dei ulike prosjekta for å styrke desse.

I Næringshageprogrammet som SIVA initierer er det forventa at fylkeskommunen stiller opp med tilsvarende støtte som SIVA i dei ulike næringshagane. Ei slik forventning er ikkje til stades i dei andre programma, og det er difor opp til fylkeskommunen sjølv å vurdere om den skal gå inn med midlar i til dømes inkubatorar og NCE-ar. Eit tungt argument for å støtte slike aktørar er at støtta frå næringslivet aukar tilsvarende den summen som fylkeskommunen går inn med. Dette fordi offentleg støtte skal vere maksimalt 50% til desse aktørane.

Hordaland fylkeskommune har ein praksis med å gå inn med midlar i NCE-prosjekta i fylket, for å styrke den regionale innsatsen i klynga. Hordaland har hatt særskild god utteljing i Klyngeprogrammet og har no heile fire NCE- og ei GCE-klynge. Store midlar vert difor bundne opp til desse om fylkeskommunen skal halde fram med denne praksisen. Samstundes har ein ikkje tilsvarende praksis på til dømes ARENA-prosjekt og SFI-ar.

På grunnlag av dette vil Fylkesrådmannen kome tilbake med ei eiga sak, hausten 2016, kor ein evaluerer fylkeskommunen sitt bidrag inn i dei ulike klyngene og nettverka som er del av nasjonale program. Vidare vil fylkesrådmannen legge fram retningslinjer for fylkeskommunen sitt vidare samarbeid med desse aktørane.

<sup>1</sup> NCE: Norwegian Centre of Expertise

GCE: Global Centre of Expertise

VRI: Verkemidlar for Regional FoU og Innovasjon

SFI: Senter for forskingsdriven innovasjon

### **5. Aktuelle aktører for fylkeskommunal støtte i 2016**

Denne saka omtalar alle partnerskapsaktørane som fylkeskommunen støttar med partnerskapsmidlar. Aktørane får finansiering over to ulike budsjettpostar med ulike føringar:

- Fylkeskommunen sine egne midlar over «Næringsretta partnerskapsmidlar»
- Regionale utviklingsmidlar over «HNN-budsjettet»

Fylkesrådmannen har så langt som råd freista å ikkje justere støttebeløpa på dei aktørane som er inne på fleirårlege avtalar, noko som gjer at nokre av aktørane som har partnerskapsavtalar som gjekk ut i 2015, vert løyvd noko mindre midlar frå 2016.

Det er gjort ei konkret vurdering om lenging av støtte til følgjande aktørar over den fylkeskommunale budsjettposten:

- Fjord Norge AS
- Driftstøtte til Destinasjonsselskapa i Hordaland
- Regionråda i Hordaland
- Western Norway Film Commission
- Filmfondet Fuzz
- Nordiske Mediedager

I tillegg er det i ei eiga sak i 2014 vedtatt ein årleg fordelingsnøkkel til Business Region Bergen (BRB). Grunngevinga for denne støtta vert difor òg synleggjort.

Tidlegare har det av løyvinga til BRB òg lege inne ei øymerking av midlar på kr 200 000 til Knowledge Hub Bergen. Med den vedtekte fordelingsnøkkelen for BRB, må denne støtta no inn på partnerskapsmidlar.

Desse aktørane har hatt fleirårlege avtalar om støtte over HNN-budsjettet som gjekk ut i 2015 og er vurdert på nytt:

- Atheno
- Industriutvikling Vest
- Gulen og Masfjorden næringshage
- Næringshagen på Voss
- Maritimt forum Bergensregionen
- Design Region Bergen
- Fiskeriforum Vest

Fylkesrådmannen vil òg vurdere partnerskapsavtalane med UPTIME Centre of Competence og Mediaregion Bergen på nytt, grunna vesentlege endringar i organiseringa av desse det siste året.

Fylkeskommunen har òg blitt kontakta av nyoppretta NCE Seafood Innovation Cluster og Matarena AS for moglegheitene om tildeling av partnerskapsmidlar, og dei er vurdert i denne saka.

Det vil òg setjast av midlar til Næringshagen i Hardanger med føresetnader om at denne vert formelt tatt opp i Næringshageprogrammet til SIVA i 2016.

### **6. Gjennomgang og vurdering av aktørar med støtte over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»**

I tabellen under er det gjeve ei samla oversikt over fylkesrådmannen sitt forslag til aktørar som skal løyvast støtte over denne budsjettposten. I teksten vert vurderingane som ligg til grunn for støtta presentert.

Den økonomiske ramma er på kr 15 983 mill.

**Oversikt over støtte frå budsjettposten "Næringsretta partnerskapsmidlar" (Tal i heile 1000 kr)**

Organisasjon	Støtte i 2015	Støtte i 2016	Gjeld for åra	Kommentar
Fjord Norge AS	3 000	2 400	2016-2017	Eiga sak i FUV
Marknadsføringsmidlar til Destinasjonsselskapa	-	600	2016-2017	
Driftsstøtte til Destinasjonsselskapa i Hordaland	650	-		
Regionråda i Hordaland	875	1 012	2016	
Fiskeforum Vest	310	-		Lagt ned
Western Norway Film Commission	500	500	2016-2017	
Filmfondet Fuzz	650	300	2016	Gjeld for første halvdel av 2016
Maritimt forum Bergensregionen		500	2016-2017	Kr 500 000 over HNH-budsjettet 2013-2015
Design Region Bergen		500	2016-2017	Kr 500 000 over HNH-budsjettet 2013-2015
Knowledge Hub Bergen	-	100	2016	Seier opp avtalen
Nordiske Mediedager	250	250	2016	
Reiseliv: fellesoppgåver på tvers av regionane	800	800	2015-2017	Vedtatt i 2015
HOG Energi	850	850	2015-2017	Vedtatt i 2015
Business Region Bergen	3 978	4 051		Tildelingsnøkkel vedtatt i 2014
Impact Hub Bergen	570	570	2015-2017	Vedtatt i 2015
Bergen Vitensenter AS	3 550	3 550	2015-2017	Vedtatt i 2015
<b>Sum støtte</b>	<b>15 983</b>	<b>15 983</b>		

**Fjord Norge AS**

Fylkesrådmannen går inn for at ein løyver kr. 2 400 000 til Fjord Norge AS i perioden 2016-2018. Det blir presentert ei eiga sak (saksnr) om dette.

**Marknadsføringsmidlar til Destinasjonsselskapa i Hordaland – kr 600 000**

Destinasjonsselskapa i Hordaland har i ei årrekke fått driftsstøtte frå fylkesbudsjettet. Potten har vore likt fordelt på selskapa uavhengig av storleik og aktivitetsnivå. Destinasjonsselskapa er medlemsorganisasjonar som hentar inntekt frå medlemskap blant reiselivsaktørane, og frå kommunane som støttar organisasjonane med midlar til marknadsføring og turistinformasjon i eigen region.

Fylkeskommunen støttar reiselivet i Hordaland med midlar til Fjord Norge AS (internasjonal marknadsføring), midlar til Fellestenester reiseliv i Hordaland (som destinasjonsselskapa vel å bruke på ein stilling som arbeider for fellesskapet) og NCE Tourism. Frå 2016 ser Hordaland fylkeskommune det som rett å støtte arbeidet selskapa skal utføre, heller enn strukturen ved å løyve driftsmidlar.

Næringsaktørane som er knytt til reiselivsnæringa i Hordaland arbeider kontinuerleg med utvikling av nye produkt, tilrettelegging av destinasjonar og effektivisering og kompetanseheving i egne organisasjonar. Oppgåver knytt til sals- og distribusjonsleddet, bransjeutvikling og marknadsføring mot forbrukar er ein sentral del av reiselivsselskapa si evne til å oppnå verdiskaping. Marknadsføring til forbrukar er kostbart, krevjande og må være målretta om effekten skal være god. Kostnadane til dette er høgare enn det mange reiselivsaktørar klarer å prioritere utan spleiselag mellom private og offentlege aktørar. Marknadsføring lar seg ikkje forankre i HNH og er også i liten grad prosjektbasert.

**Vurdering i høve til prioriteringskriteria.**

- A) Marknadsføring er ei sentral oppgåve i nasjonal strategi for reiseliv, Destinasjon Norge 2012.
- B) Marknadsføring av reiseliv kjem alle reiselivsbedrifter til gode, ikkje berre dei som betalar for og utfører marknadsføringa. Kostanden ved målretta marknadsføring gjer det vanskeleg for dei enkelte reiselivsverksemdene å utføre denne oppgåva utan støtte frå det offentlege.
- C) Destinasjonsselskapa i Hordaland har gode tradisjonar for samarbeid når det gjeld marknadsføring, og midlar løyvd frå fylkeskommunen blir særleg nytta på denne måten.

**Vurdering av støtte**

Fylkesrådmannen rår til å endre posten som tidlegare har vore definert som driftsstøtte til destinasjonsselskapa i Hordaland, slik at denne no vert definert som midlar til felles marknadsføring for Hordaland. Destinasjonsselskapa må i fellesskap arbeide fram ein avtale for korleis desse midlane skal fordelast. Det må føreliggje godkjent handlingsplan før midlane vert betalt ut frå fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd kr 600 000 årleg, i perioden 2016-2017 til marknadsføring for reiselivet i Hordaland.

**Regionråda i Hordaland – kr 1 012 000**

Regionråda mottar årlege tilskot frå fylkeskommunen for å utføre næringsretta utviklingsarbeid. Samarbeidet har i perioden 2007-2014 vore regulert i eigne partnerskapsavtaler mellom fylkeskommunen og regionane; Sunnhordland, Hardanger, Gode Sirklar (Vest), Nordhordland og Osterfjorden og. I tillegg har Voss mottatt midlar som del av eit regionsamarbeid med Vik og Aurland. Bjørnefjorden har ikkje hatt eigen avtale.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hardangerrådet har eit utvida ansvar i samband med søknadshandsaming og tildeling av tilskot knytt til høvesvis Etablerarfond for Sunnhordland og Etablerarfond for Hardanger.

I 2015 vart det utarbeida ei ny avtale med regionråda. Denne avtala gjaldt for 2015 med eit årleg partnerskapsbidrag som vart vedtatt av fylkesutvalet og fordelt mellom regionkontora. Driftstilskottet til regionkontora er redusert frå ca. 2 mill. kr i 2012 til 875.000 kr 2015.

**Vurdering i høve til prioriteringskriteria**

- A) Dei seks regionkontora med partnerskapsavtale har utført rådgjeving og rettleiing for bedrifter og etablerarar etter behov. Dei har òg drive informasjonsarbeid retta mot bedrifter og etablerarar. Regionkontora, i samarbeid med kommunane og næringslivet, har òg medverka til prosjekt- og utviklingsarbeid som omfattar fleire kommunar, i tillegg til å ha vore utførande og koordinerande organ i næringsutviklingsarbeidet mellom primærkommunane og fylkeskommunen. Fleire regionkontor har òg arbeidd med eit samarbeidsforum i eigen region for å koordinere innsatsen retta mot etablerarar.
- B) Støtta er truleg ikkje avgjerande for eksistensen til samarbeidsaktørane, men bortfall av støtte vil medføre redusert aktivitet på innsatsområdet.
- C) Nasjonale evalueringar av regionkontora sine resultat viser at dei ofte har medverka til å etablere eit godt operativt og finansielt samarbeid med andre offentlege og private aktørar.
- D) Det kan vera eit effektiviseringspotensial i å samlokalisera andre offentlege verkemiddel med aktivitetane til regionkontora.

**Vurdering av støtte**

Ein vesentleg del av det næringsretta utviklingsarbeidet til regionkontora er retta mot etablerarar. Det at avtala berre gjaldt for 2015 heng saman med at fylkeskommunen skal få på plass eit heilskapleg tenestetilbod til etablerarar i Hordaland. Dette arbeidet vil halde fram i 2016, og i påvente av dette arbeidet vert støtta til Regionråda berre vidareført for 2016.

Fylkesrådmann rår til å styrke løyvinga til regionråda i 2016, då desse er viktige samarbeidspartnarar for fylkeskommunen. Hardanger og Sunnhordland vil verte prioritert med noko meir midlar enn dei dei andre

regionane, då desse har utvida oppgåver knytt til etablerarfonda. Fylkeskommunen vil i samråd med regionråda finne ein rettvis modell for deling av dei resterande midlane.

Fylkesrådmann rår til at det vert sett av kr 1 012 000 til Regionråda i Hordaland i 2016.

### **Fiskeriforum Vest – kr 0**

Stiftinga Fiskeriforum Vest (FFV) er ein medlemsorganisasjon for sjømatbransjen, FoU og offentleg sektor. FFV har fått driftstilskot frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Tilskotet frå HFK har sidan 2013 vore på kr 500 000. Fiskeriforum Vest har hatt fokus på kompetansebasert næringsutvikling gjennom prosjekt og tiltak og vore «policyorgan» for Bergen kommune og fylkeskommunen i marin næringspolitikk. Etablering av ei klynge innan sjømat har vore eit mål i FFV sitt arbeid. I 2015 vart NCE Seafood Innovation Cluster etablert og samstundes bestemte styret i FFV å leggje ned stiftinga. Nokre av aktivitetane i FFV er overtatt av NCE Seafood Innovation Cluster. Støtta frå fylkeskommunen til FFV er difor ikkje aktuell i 2016.

### **Western Norway Film Commission (Vestnorsk filmkommisjon) kr 500 000**

Vestnorsk filmkommisjon er eit prosjekt under Vestnorsk filmsenter som marknadsfører og legg til rette for Hordaland og Vestlandet som innspelingsstad for internasjonale film- og tv-produksjonar. Filmkommisjonen koplar utanlandske produsentar med lokale samarbeidspartnarar frå filmbransje og lokalmiljø, og hjelper internasjonale produksjonar i spørsmål om til dømes logistikk og finansieringsmoglegheiter.

Regjeringa har for 2016 sett av kr 45 millionar til ei incentivordning for utanlandske filmproduksjonar som skal administrerast frå Bergen. Samstundes vart den nasjonale filmkommisjonen lagt ned, og det er no opp til regionane sjølv å halde seg med slike.

Vestnorsk filmkommisjon famnar om, og er finansiert av Fylkeskommunane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.

### **Vurdering i høve prioriteringskriteria**

- A) Å profilere Hordaland som ein attraktiv region for å søke partnarar i, og for å etablere næringsverksemd er eit viktig innsatsområde i HNH. Vestnorsk filmkommisjon gjev òg ringverknadar inn i andre næringar, og då særskilt reiseliv og tenesteyting.
- B) Vestnorsk filmkommisjon arbeider på ideelt grunnlag og tar ikkje betalt for tenestane sine. Dette er vanleg praksis i dei om lag 100 filmkommisjonane som eksisterer i Europa i dag, og filmkommisjonen er slik avhengig av offentleg støtte.
- C) Vestnorsk filmkommisjon arbeider tett med Filmfondet Fuzz og Vestnorsk Filmsenter (Prosjekteigar). I tillegg kan støtta medverke til eit tettare samarbeid med destinasjonsselskap i fylket.
- D) Western Norway Film Commission er lokalisert på USF Verftet, saman med mellom anna Vestnorsk filmsenter og Filmfondet Fuzz.

### **Vurdering av støtte**

Sidan 2009 har 38 internasjonale produksjonar blitt gjennomført i regionen, noko som mellom anna har ført med seg over 8000 gjestedøgn frå filmproduksjonsstab og skodespelarar. Filmar med innspelingar på Vestlandet er sett av fleire hundre millionar sjåarar, mellom anna frå store land som USA, India og Russland, noko som kan medverke til å fremje Vestlandet som reisemål i desse landa.

Den nyleg innførte incentivordninga, i samheng med dagens kronekurs som gjer Noreg meir konkurransedyktig som innspelingsland, gjer tida rett for ei satsing på Vestnorsk filmkommisjon. Vestnorsk filmkommisjon vart i 2015 løyvd kr 500 000 frå budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar», og søker i 2016 til 2018 kr 800 000. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for ei slik auke, og Hordaland fylkeskommune er allereie inne som største finansierar i prosjektet. Fylkesrådmann rår til at Vestnorsk filmkommisjon vert løyvd kr 500 000 årleg for åra 2016-2017 over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar».

### **Filmfondet Fuzz – kr 300 000 (første halvdel 2016)**

Filmfondet Fuzz er eit regionalt filmfond, stifta i 2006, som forvaltar eit investeringsfond bestående av kapital frå investorar og eit årleg statstilskot. Fuzz arbeider både ut frå eit næringspolitisk og kulturpolitisk



perspektiv på filmfeltet. Filmfondet Fuzz er heileigd av Bergen kommune, medan dei tre fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland har vore med på driftssida dei seinare åra. Filmfondet har mottatt driftstøtte frå Hordaland fylkeskommune over budsjettet Regionalt utviklingsprogram med kr 650 000 årleg i perioden 2012-2014, og over «Næringsretta partnarskapsmidlar» i 2015. Filmfondet Fuzz har òg mottatt prosjektmidlar på totalt 2 200 000 sidan 2008.

I 2016 har Filmfondet Fuzz mål om å utvide sitt nedslagsfelt til både Rogaland og Agderfylka, noko som vil gjere Fuzz til det tyngste regionale filmfondet i Noreg, og medføre monaleg auka overføring frå Kulturdepartementet. Hordaland fylkeskommune støttar arbeidet med denne konsolideringa.

Fuzz har dei siste åra meir enn dobla den private kapitalen i fondet, som no er på rundt kr 28 mill. Slik er fondet i stand til å investere i stadig fleire og større produksjonar. Berre hausten 2015 har Fuzz vore med å finansiere 8 av dei 16 norske premierefilmene på kino, til dømes Knutsen og *Ludvigsen*, *Bølgen* og *Hevn*. Med utvidinga mot dei tre fylka i sør ser ein for seg både vidare privat kapitalauka, men òg høgare overføring frå Kulturdepartementet. Dette vil nødvendigvis krevje meir midlar til administrasjon, og sjølv med budsjetterte midlar inn frå dei nye fylka, søker Fuzz Hordaland fylkeskommune om kr 900 000 frå 2016 og framover.

#### Vurdering i høve prioriteringskriteria

- A) Støtte til Fuzz er vanskeleg å forankre i HNH både innanfor dei tre hovudsinnssatsområda og under bransjar med særskilt fokus. Filmfondet Fuzz vert likevel vurdert som ein særskilt viktig aktør for å byggje ei berekraftig filmnæring på Vestlandet.
- B) Filmfonda skal ha regional finansiering, og verken midlane frå Kulturdepartementet eller den private kapitalen går til driftskostnader. Fuzz vil vere avhengig av offentleg støtte for å kunne vidareføre den forretningsmodellen dei har i dag, som er ein av hovudårsakene til den positive utviklinga i fondet.
- C) Filmfondet Fuzz arbeider tett med Vestnorsk filmsenter og Western Norway Film Commission. Støtta vil òg medverke til konsolidering og samarbeid med tilsvarande aktørar i Rogaland og Agder.
- D) Fuzz er lokalisert på USF Verftet saman med mellom anna Vestnorsk filmsenter.

#### Vurdering av støtte

Fylkesrådmann ser det som ei utfordring at Hordaland fylkeskommune nyttar så store midlar på å drifte eit investeringsfond som skal gje avkasting på investeringar frå private og offentlege investorar. Samstundes rår det ingen tvil om at Fuzz gjer ein utmerka jobb både med å dyrke fram eit solid produksjonsmiljø i Hordaland, og med å tiltrekke seg store produksjonar til Vestlandet.

Fuzz er no inne i ein prosess kor ein ser på ei mogleg utviding med Rogaland og Agderfylka, og Fylkesrådmann ønskjer å kome tilbake med ei eiga sak om vidare drift og organisering av Filmfondet Fuzz etter denne utvidinga.

Fylkesrådmann rår difor til at Filmfondet Fuzz vert løyvd kr 300 000, gjeldande for første halvdel i 2016 og at det vert lagt fram ei eiga sak om vidare samarbeid og mellom fylkeskommunen og Filmfondet Fuzz, og fylkeskommunen sine forpliktingar, våren 2016.

#### Maritimt Forum Bergensregionen - kr 500 000

Maritimt Forum Bergensregionen er ein nettverksorganisasjon som arbeider for heile den maritime klynga, og medverkar til auka klyngesamarbeid, synleggjering, rekruttering, miljøvenlege løysingar og myndigheitskontakt.

I dei komande åra er det særskilt tre satsingsområde som stikk seg ut som viktige å styrke; synleggjering og omdømmebygging, rekruttering og kompetansebygging og myndigheitskontakt. Prosjekt som går på tvers av næringsklynger er òg viktige å arbeide med, og Maritimt Forum Bergensregionen er den naturlege aktøren for den maritime klynga i slike prosjekt.

#### Vurdering i høve prioriteringskriteria

- A) Handlingsprogram for næringsutvikling peikar på sterke nettverk og klynger som viktige både i høve samarbeid på tvers av tradisjonelle næringar, kompetanseoverføring og samhandling med FoU-

miljøa i fylket og i høve opplæring og rekruttering. Maritimt Forum Bergensregionen tar denne rolla for den maritime næringa som elles ikkje har ein dekkande interesseorganisasjon.

- B) Maritimt forum Bergensregionen mottar støtte frå mellom anna Bergen reiarlag og Bergen kommune, men er avhengig av støtte frå fylkeskommunen for å kunne gjennomføre aktivitetar i HNH.
- C) Støtta vil medverke til samarbeid med andre næringsklynger der dette er relevant. Dette er særleg viktig no når norsk industri skal gjennom ei omfattande omstilling.
- D) Fylkeskommunen skal i 2016 gå igjennom relevante utviklingsaktørar for å identifisere løysingar som kan medverke til betre ressursutnytting for dei ulike samarbeidspartnarane.

### Vurdering av støtte

Maritimt forum tar ei heilskapleg rolle for den maritime klynga i Bergen og medverkar til å nå næringspolitiske mål på ein god måte. I den siste treårsperioden har særskilt arbeidet knytt til synleggjing, rekruttering og samarbeidsprosjekt på tvers av tradisjonelle næringar gjeve gode resultat. Maritim næring er viktig for omstillinga frå olje- og gassrelatert industri, samstundes som at det er viktig at næringa utviklar seg sjølv, særskilt i ei grønare retning.

Ei vidareføring av støtte til Maritimt Forum Bergensregionen må finansierast over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar», då dei no ikkje er i noko utviklingsfase, men i ein rein driftsfase.

Fylkesrådmannen rår til at Maritimt forum vert løyvd kr 500 000 årleg i perioden 2016-2017 over budsjettet «Næringsretta partnerskapsmidlar».

### Design Region Bergen (DRB) - kr 500 000

Design Region Bergen vart oppretta i 2007 og arbeider for at Bergensregionen skal verte leiande i Norden innan designdriven samfunns- og næringsutvikling. DRB har vorte løyvd kr 500 000 årleg i perioden 2013-2015 frå Hordaland fylkeskommune over HNH-budsjettet. I tillegg har Design Region Bergen i perioden 2011-2015 mottatt kr 2 225 000 i støtte frå fylkeskommunen til ulike prosjekt.

Design Region Bergen søker Hordaland fylkeskommune om 1 million kroner årleg frå 2016. Bergen kommune løyver årleg kr 550 000 i driftstøtte til DRB.

### Vurdering i høve prioriteringskriteria

- A) Design Region Bergen legg til rette for samarbeid på tvers av bransjar og sektorar, og medverkar i innovasjonsprosessar med kompetanse om strategisk design. Design Region Bergen stimulerer og til prosjekt og kompetanseutvikling i etablerte klynger gjennom DesignARENA.
- B) Design Region Bergen er i ein økonomisk situasjon der dei er heilt avhengig av offentleg støtte, i tillegg til høge prosjektinntekter. Dette er ein utfordrande situasjon som må løysast det komande året.
- C) Design Region Bergen samarbeider med andre bransjeorganisasjonar og næringsklynger i prosjektutvikling og gjennomføring.
- D) Design Region Bergen deler kontorlokale med mellom anna Business Region Bergen AS i Strandgaten, noko som medfører gode synergjar, men høge leigekostnader.

### Vurdering av støtte

Design Region Bergen fyller ei rolle innan designdriven samfunns- og næringsutvikling og i skjeringspunktet mellom næringar. DRB har drive fram ei rekkje prosjekt dei siste åra, og særskilt positive er etableringa av bedriftsnettverket DesignARENA, som mottar midlar frå det nasjonale Klyngeprogrammet. Vidare har DRB mellom anna gjennomført fleire tverrfaglege prosjekt, seinast ein pilot på ei utdanning innan metoden «design thinking», og etablert RAFF designuke som ei årleg hending.

Fleire av prosjekta som Design Region Bergen skal arbeide med framover er allereie handsama einskildvis i eigne søknader av Fylkesrådmannen, og til dømes RAFF er ikkje lenger eit prosjekt som kan støttast med regionale utviklingsmidlar.

Design Region Bergen har fått støtte over HNH-budsjettet i ein utviklingsfase, men DRB må no vurderast til å vere i ein rein driftsfase. Eventuell vidare støtte til DRB må difor vidareførast over budsjettet «Næringsretta partnerskapsmidlar».

Fylkesrådmannen rår til at Design Region Bergen vert løyvd kr 500 000 i 2016 og 2017.

### **Knowledge Hub Bergen - kr 100 000**

Academia Europea Bergen Knowledge Hub vart etablert i 2014, med støtte frå Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen. Academia Europea er ei ikkje-politisk foreining som fungerer som eit akademi. Medlemmane er forskarar og undervisningspersonale som skal fremje læring, utdanning og forskning.

Bergen Knowledge Hub har eit spesielt fokus på energinæringane, maritime og marine næringar.

Fylkesutvalet 25.09.2013 vedtok å løyve kr 1 000 000 over fem år til Bergen Knowledge Hub(BKH). Den årlege kostnaden på kr 200 000 skulle takast over prosjektstøtta til Business Region Bergen. Vidare var det BRB som skulle administrere prosjektet, men dei har no gjever frå seg ansvaret til Universitetet i Bergen. No når støtta til BRB er lagt om, er ikkje dette lenger ein moglegheit, og eventuell støtte for 2016 og framover, må løyvast over posten «Næringsretta partnerskapsmidlar. For 2015 måtte Fylkesrådmannen finne ekstra midlar, for å overhalde forpliktingane sine om finansiering til prosjektet.

I grunngjevinga for støtta til BKH vart det lagt vekt på at støtta skulle medverke til måloppnåing i Regional forskingsstrategi for Hordaland og Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. I kontrakten med BKH vart det òg lagt inn ein klausul om at avtalen kan seiast opp med seks månaders varsel dersom ein av partane ønskjer det.

### **Vurdering i høve prioriteringskriteria**

- A) Bergen Knowledge Hub har no vore operativ i om lag 2 år, utan å ha medverka nemneverdig til måloppnåing i vedtekte regionale planar og strategiar. BKH har hatt merksemd på å rekruttere medlemmar og lite på ekstern verksemd så langt. Det er ikkje registrert søknader korkje til Regionale forskingsfond, Handlingsprogram for næringsutvikling eller andre nasjonale ordningar, som følgje av arbeide til BKH.
- B) I følgje avtala skal fylkeskommunen bidra med kr 200 000, noko som utgjør 40% av finansieringa. Utan fylkeskommunal løyving er det usikkert om Bergen Knowledge Hub kan vidareførast.
- C) Bergen Knowledge Hub skal mellom anna freiste å kople forskingsmiljø og næringsliv og slik kunne mobilisere til forskingsprosjekt. Særleg er Horisont2020 eit relevant virkemiddel. Fylkeskommunen har allereie fleire relevante virkemiddel og forum for tilgrensande oppgåver, mellom anna VRI, RFF Vestlandet, samarbeid med klyngene, Horisont2020 forum og Regionalt forskingsforum. Ingen av desse har hatt noko samarbeid med BKH.
- D) Bergen Knowledge Hub har hovudsetet sitt ved Universitetet i Bergen.

### **Vurdering av støtte**

Fylkesrådmannen meiner at støtta til Bergen Knowledge Hub ikkje i stor nok grad fører til måloppnåing i regionale planar og strategiar. Grunna omlegginga av støtta til Business Region Bergen, kan heller ikkje støtta løyvast slik som den først vart vedteke.

Fylkesrådmannen rår til at Hordaland fylkeskommune seier opp avtala med Bergen Knowledge Hub med 6 månaders varsel, og slik løyver kr 100 000 i 2016. Dette tilsvarar halve beløpet. Støtta vert då ikkje vidareført i 2017.

### **Nordiske mediedager - kr 250 000**

Fylkesrådmannen har tidlegare argumentert for å kutte støtta til Nordiske Mediedager (NMD), då fylkeskommunen allereie støttar fleire tiltak innan mediebransjen, som er vurdert som viktige for etableringa av MediaCity Bergen.

Nordiske Mediedager er òg inne igjen på Statsbudsjettet igjen, etter å vore tatt ut i 2014, og har slik allereie god offentleg finansiering.

Fylkestinget fant i 2014 midlar til å støtte Nordiske mediedager med kr 250 000 i 2015. Desse midlane vart i 2015 lagt til budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar», og er øymerka Nordiske mediedager. Denne øymerkinga er vidareført i budsjettet for 2016, og Fylkesrådmannen løyver difor kr 250 000 til Nordiske mediedager i 2016.

#### **Fellesoppgåver på tvers av regionane (reiseliv) - kr 800 000**

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 800 000 årleg, i perioden 2015-2017, til ei koordinatorstilling for å styrkje samarbeidet mellom dei ulike reiselivsregionane i fylket.

#### **HOG Energi – kr 850 000**

HOG Energi er ein medlemsorganisasjon som har som føremål å syte for at energiressursane i Hordaland vert nytta til verdiskaping i fylket på ein optimal måte.

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 850 000 årleg til HOG Energi for åra 2015 til 2017. Kr 100 000 av desse vert sett av til å dekke fylkeskommunen sin medlemskontingent.

#### **Business Region Bergen AS kr 4 050 000**

Fylkeskommunen sitt forhold til Business Region Bergen blei handsama av Fylkestinget 10. desember 2014. Her blei det mellom anna vedtatt lenging av avtalen mellom Fylkeskommunen og BRB i 4 år, men med ny vurdering etter to år. Som ein del av avtalen skal BRB løyvast ei årleg støtte som bereknast ut i frå folketal med kr 5 pr innbyggjar i Bergen kommune og kr 15 pr innbyggjar i eigarkommunane utanfor Bergen.

Innbyggjartalet i Bergen ved utangen av 3. kvartal i 2015 er 277 378 og dei andre medlemskommunane hadde til saman 177 601 innbyggjarar (kjelde SSB). Dette gir ei berekna støtte til BRB på kr 4 050 915 i 2016.

Støtta føreset at alle eigarkommunane betalar sine årlege forpliktingar til Business Region Bergen.

#### **Impact Hub Bergen – kr 570 000**

Impact Hub Bergen fungerer primært som eit arbeidsfellesskap men tilbyr og hjelp til gründerar i tidleg fase gjennom mellom anna kompetanseheving og lokale og globale nettverk.

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 570 000 årleg, for perioden 2015 til 2017 til Impact Hub Bergen.

#### **Bergen Vitensenter AS kr 3 350 000**

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 3 555 000 til Bergen Vitensenter AS for åra 2015-2017. Kr 500 000 årleg vert øymerka til vidaregåande skular sin bruk av senteret.

### **7. Gjennomgang og vurdering av aktørar med støtte over HNH-budsjettet for 2016**

Aktørar og prosjekt som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram i regi av Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet er samla på denne budsjettposten.

Det er berre innan Næringshageprogrammet at fylkeskommunen har ei formell plikt til å støtte deltakarane i slike program, medan dei andre aktørane som vert prioritert er vurdert som viktige i høve gjennomføringa av Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017.

I tabellen under er det gjeve ei samla oversikt over fylkesrådmannen sitt forslag til aktørar som skal løyvast støtte over HNH budsjettet 2016. I teksten er det gjeve ei orientering om den einskilde aktøren, og grunngeve for kvifor denne vert løyvd støtte. Aktørar som allereie er inne på ei fleirårig avtale er berre unntaksvis vurdert på nytt, der fylkesrådmann har sett dette nødvendig.

**Aktører med støtte over HNH-budsjettet (Støtte i heile 1000 kr)**

Organisasjon	Støtte i 2015	Støtte i 2016	Gjeld for åra	Kommentar
GCE Subsea	550	550	2013-2016	GCE-programmet
NCE Tourism Fjord Norway	350	350	2013-2016	NCE -programmet
NCE Media	350	350	2015-2016	NCE- programmet
NCE Maritime CleanTech	350	350	2015-2016	NCE- programmet
NCE Seafood Innovation Cluster	-	450	2016	Ny frå 2016, NCE-programmet
Atheno	1 300	1 200	2016-2017	Inkubatorprogrammet, SIVA
Industriutvikling Vest	700	0		Inkubatorprogrammet, SIVA
Nyskapingsparken Inkubator	900	900	2014-2016	Inkubatorprogrammet, SIVA
UPTIME Centre of Competence	300	-	2016	
Nordhordland næringshage	300	300	2015-2017	Næringshageprogrammet, SIVA
Næringshagen i Gulen og Masfjorden	150	150	2016-2017	Næringshageprogrammet, SIVA
Næringshagen på Voss	300	300	2016-2017	Næringshageprogrammet, SIVA
Næringshagen i Hardanger	-	300	2016-2017	Føreset formelt opptak i Næringshageprogrammet
Connect Vest	540	540	2015-2017	
Ungt Entreprenørskap	400	400	2014-2016	
Maritimt Forum Bergensregionen	500	-	2016-2017	Overført til «Næringsretta partnerskapsmidlar»
Fiskeriforum Vest	190	-		Avvikla
Mediaregion Bergen	500	450	2015-2017	Avtrappande støtte
Matarena AS	-	200	2016-2017	Ny aktør
<b>Totalt</b>	<b>8180</b>	<b>6 790</b>		

**GCE Subsea – kr 550 000**

GCE Subsea fekk i 2015 oppgradert sin klyngestatus frå NCE til GCE, noko berre to andre næringsklynger i Noreg har. NCE Subsea har fått støtte frå fylkeskommunen sidan etableringa i 2006 og er ein viktig samarbeidspartnar innan næringsutvikling. 29.08.2013 vedtok fylkesutvalet å støtte NCE Subsea med kr 550 000 årleg for perioden 2013 til og med 2016.

Fylkesrådmannen rår til at støtta vert vidareført på nivået som er vedtatt for 2016, trass i at klyngestatusen er endra.

**NCE Tourism Fjord Norway – kr 350 000**

Fylkesutvalet vedtok i 2013 å løyve kr 350 000 til NCE Tourism Fjord Norway årleg for perioden 2013 til og med 2016. Klynga har vore støtta sidan etableringa i 2011 og mottar òg støtte frå fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

**NCE Media – kr 350 000**

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 350 000 årleg til NCE Media i åra 2015 og 2016.

Klyngeutviklingsarbeidet er viktig for etableringa av MediaCityBergen og støtta frå fylkeskommunen skal styrke den regionale profilen på prosjektet.

**NCE Maritime Clean Tech – kr 350 000**

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 350 000 årleg i åra 2015 og 2016 til NCE Maritime Clean Tech. Dette gjev fylkeskommunen status som partnar i klynga noko som kan sikre nytteverdi både for fylkeskommunen sjølv og for klynga som heilskap.

### **NCE Seafood Innovation Cluster – kr 450 000**

NCE Seafood fekk i 2015 tildelt status som NCE, og har samla dei største aktørane i sjømatnæringa innan produksjon, forskning, fiskefôr og fiskehelse.

Det vert i første omgang søkt om støtte frå fylkeskommunen i fyrste prosjektår for å styrke følgjande aktivitetar regionalt:

- Skape betre koplingar mellom næringsliv og skule, til dømes gjennom arbeid med «Blått kompetansesenter SØR»
- Styrke det næringsretta høgare utdanningstilbodet i Hordaland
- Styrke samarbeidet med Nyskapingsparken Inkubator og Høgskulen i Bergen, for å fremje meir entreprenørskap i næringa
- Aktivt arbeide for berekraftig utvikling i havbruksnæringa

### **Vurdering i høve prioriteringskriteria**

- A) Å medverke til nyskaping, vidareutvikling, kompetanse- og prosjektutvikling i etablerte klynger, og å styrke koplingane mellom næringsliv og vidaregåande skule/høgare utdanning er viktige innsatsområde i HNH.
- B) Støtta til NCE Seafood er nødvendig for å fremje aktivitetar med ein sterk regional profil.
- C) Støtta vil særskilt medverke til tettare samarbeid med vidaregåande skular i Hordaland, Nyskapingsparken Inkubator og Bergen Teknologioverføring.
- D) Klyngeleiinga har kontorfellesskap med fleire viktige aktørar i sjømatnæringa.
- E) Støtta skal medverke til å styrke samarbeidet med regionale aktørar og belyse problemstillingar som er særskilt relevante på Vestlandet.

### **Vurdering av støtte**

NCE Seafood søker i første omgang fylkeskommunale partnerskapsmidlar for 2016.

Fylkesrådmannen ser på NCE Seafood som ein viktig samarbeidspartnar både i arbeidet med ei berekraftig utvikling i sjømatnæringa, og i høve omstillingsutfordringane på Vestlandet. Gjennom denne løyvinga kan fylkeskommunen medverke til viktige regionale tiltak regionale tiltak, som elles ikkje ville vore tungt prioritert på kort sikt.

Grunna nedlegging av Fiskeriforum Vest og Norsk Sjømatsenter er det ynskjeleg å styrke NCE The Seafood Innovation Cluster for å oppretthalde ei regional marin samhandlingsarena innan marin bransje. NCE-en vil slik vere ein særskilt viktig samarbeidspartnar for fylkeskommunen, og vert difor løyvd noko meir midlar enn dei eksisterande NCE-prosjekta i 2016.

Fylkesrådmann rår til at NCE Seafood får støtte over HNH-budsjettet med kr 450 000 for 2016. Ei eventuell lenging etter dette må handsamast politisk.

### **Industriutvikling Vest – kr 0**

Industriutvikling Vest er med i SIVA sitt Inkubatorprogram, men er no inne i sitt femte prosjektår, og skal no evaluerast for ei eventuell lenging av programperioden. Dette vert klargjort i første halvdel av 2016.

Industriutvikling Vest har vorte løyvd kr 700 000 i partnerskapsmidlar frå fylkeskommunen årleg for åra 2011-2015. Føresetnadane for løyvinga har vore at inkubatoren òg hentar ut alle midlane som dei private aktørane har forplikta seg til. Desse er ikkje henta ut i sin heilskap, og i samråd med styret for inkubatoren er det desse midlane som skal syte for drifta i 2016. Industriutvikling Vest vil soleis ikkje ha trong for fylkeskommunale partnerskapsmidlar i 2016.

Fylkesrådmann rår til at Industriutvikling Vest vert tatt opp igjen til vurdering i samband med partnerskapsmidlar for 2017, gjeve at inkubatoren får vidareført støtta frå SIVA.

### **Atheno – kr 1 200 000**

Atheno maritime Industriinkubator er med i SIVA sitt inkubatorprogram og har vore aktiv sidan 2010. I 2015 fekk inkubatoren lenga og auka si løyving frå SIVA for dei neste 5 åra. Hordaland fylkeskommune har dei tre siste åra støtta inkubatoren med kr 1 300 000 årleg. Årsaka til den relativt høge støtta til Atheno er at dei i tillegg til å ha inkubatoren på Stord, òg har nodar i kommunane Tysnes, Bømlo, Austevoll og Kvinnherad.

### Vurdering i høve prioriteringskriteria

- A) HNH skal bidra til nyskaping og vidareutvikling av kompetansebaserte, regionale næringsmiljø gjennom inkubatorprogrammet til SIVA. Vidare arbeider Atheno tett med bedrifter i Sunnhordland for å ta ut innovasjons- og «spin-off» potensial.
- B) Hordaland fylkeskommune si støtte medverkar til at aktivitetsnivået kan ligge minst like høgt som i den føregåande perioden. Inkubatoren har likevel fått styrka overføringane frå SIVA, og er difor ikkje like avhengig av støtte på det same nivået frå fylkeskommunen framover.
- C) Støtta til Atheno medverkar mellom anna til at dei er med i INUNET, som er eit nettverk mellom inkubatorar og næringshagar i fylket. Vidare arbeider dei òg tett med NCE Maritime Clean Tech som er ein annan viktig samarbeidspartnar for Hordaland fylkeskommune i Sunnhordland.
- D) Støtta frå fylkeskommunen vil ikkje påverke lokaliseringsval for Atheno.
- E) Støtta er medverkande til at Atheno kan drive Inkubatorverksemd også i andre kommunar enn på Stord der dei er lokalisert.

### Vurdering av støtte

Det er positivt at Atheno etter fem år blir satsa vidare på av SIVA og i tillegg får ein auke i løyvinga frå SIVA. Sunnhordland er særskilt sårbar for omstillingar i oljeservicenæringa og Atheno er eit tiltak både for å styrke bedriftene i regionen, men òg for å kunne gje breiare næringsmangfald i regionen. Fylkesrådmannen er positiv til at Atheno skal fortsette arbeidet med inkubatorverksemd i dei fire nemnde kommunane. Med føresetnad om at dei aktuelle kommunane sjølv går inn med midlar vil fylkeskommunen løyve ekstra midlar til inkubatorverksemd i kommunane Tysnes, Bømlo, Austevoll og Kvinnherad.

Fylkesrådmannen føreslår ei basisløyving til inkubatoren på Stord på kr 800 000. Vidare vert det løyvd kr 100 000 til kvar node i dei nemnde kommunane, gjeve at kommunane sjølv går inn med midlar. Fylkesrådmann rår til at Atheno vert løyvd kr 1 200 000 årleg, i åra 2016-2017 over HNH-budsjettet.

### Nyskapingsparken – kr 900 000

Fylkesutvalet vedtok i 2014 å løyve kr 900 000 årleg i perioden 2014-2016 til Nyskapingsparken Inkubator. Nyskapingsparken Inkubator er med i Inkubatorprogrammet til SIVA, og er den einaste inkubatoren i bergensregionen.

### Uptime Centre of Competence – kr 0

Uptime har hatt som mål å utvikle seg til eit kjent kompetanse- og innovasjonsmiljø innan industriell drift og vedlikehald i petro-maritim næring. Senteret har vore støtta av fylkeskommunen sidan etableringa i 2012.

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 300 000 årleg i åra 2015-2016 til UPTIME.

I samarbeidsavtalen mellom fylkeskommunen og Uptime er det gjeve rom for å sei opp, eller reforhandle avtala, dersom det vert gjort vesentlege endringar hjå partnaren.

Uptime har i 2015 sett seg nøydd til å seie opp dagleg leiar grunna manglande inntekter frå kundar. Dette gjer det særst utfordrande å gjennomføre dei aktivitetane som er fastsett i samarbeidsavtala. Den økonomiske situasjonen er heller ikkje skissert å verte betra i 2016.

Etter Fylkesrådmannen sitt syn gjer dette det vanskeleg å forsvare løyvinga til senteret.

Fylkesrådmann rår til at samarbeidsavtala med Uptime vert sagt opp for 2016, og at det difor ikkje vert løyvd midlar til senteret. Uptime kan i staden søke midlar til konkrete prosjekt, om det skulle vere trong for det.

### Nordhordland Næringshage – kr 300 000

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 300 000 årleg i åra 2015-2017 til Nordhordland næringshage. Næringshagen er med i Næringshageprogrammet til SIVA.

### Gulen og Masfjorden Næringshage – kr 150 000

Gulen og Masfjorden Næringshage er med i det nasjonale næringshageprogrammet. Næringshagen vart formelt etablert 29. mai i 2013, og arbeider for vekst i målbedrifter og næringshagemiljøet, auka verdiskaping, kompetanseheving, innovasjon og utvikling, og internasjonalisering. Næringshagen har sine

prioriteringsområde innan industri, service og havbruk. Næringshagen er lokalisert på Sløvåg, og det arbeidast med å etablere ein node på Matre med spesielt fokus på havbruk. Gulen og Masfjorden næringshage er ein fylkesoverskridande næringshage som mottar kr 150 000 frå Sogn og Fjordane og kr 150 000 frå Hordaland.

#### **Vurdering i høve til prioriteringskriteria.**

- A) Gulen og Masfjorden Næringshage er med i det nasjonale næringshageprogrammet. Hordaland fylkeskommune si finansiering er i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne strategi for næringshagar, som tek sikte på å arbeide for totalt 5 næringshagar i fylket. Næringshagen sitt arbeid passar godt inn i hovudstrategi 1 i Regional Næringsplan for Hordaland – Meir entreprenørskap og innovasjon.
- B) Finansieringsmodellen for næringshagar er slik at SIVA bidreg med 50% av driftstilskotet, fylkeskommunen bidreg med 25% og at dei resterande 25% kjem får næringslivet. Driftstilskotet skal gje ei basis finansiering som sikrar at målbedriftene får den oppfølginga dei har krav på. Driftsstøtta frå fylkeskommunen er viktig for å oppretthalde aktiviteten i næringshagen.
- C) Gulen og Masfjorden Næringshage er med i INUNET, eit nettverk mellom dei som arbeider med etablerarar og inkubasjon i fylket. Nettverket arbeidar med deling av eigen kompetanse og kunnskap, kopling mot ulike andre nettverk, felles kompetanseheving og studieopphald, og gjennomføring av felles prosjekt.
- D) Næringshagane skal tilby kontor slik at nyetablerte bedrifter får tilgang til fellesskap med andre nyetablerarar og felles ressursar i form av vanlege kontortenester. Gjennom den administrative og fysiske samlokaliseringa får ein ei betre ressursutnytting.
- E) Næringshageprogrammet, det vil seie, opptak og drifta av kvar næringshage er basert på eit samarbeid mellom SIVA og fylkeskommunane. Evalueringar viser at basisfinansieringa til næringshagar i hovudsak må vere offentleg finansiert, for å gje føreseielege vilkår for bedriftene.

#### **Vurdering av støtte**

Som ein del av det nasjonale næringshageprogrammet skal næringshagane bli evaluert kvart tredje år, mellom anna med sikte på å vurdere vidare deltaking i programmet. Samt at ein skal ha årlege samtalar mellom partane. Gulen og Masfjorden Næringshage har ikkje hatt noko formell utviklingsamtale med SIVA og fylkeskommunen før i desember 2015. Næringshagen kan framleis reknast å vere i ein startfase, og er ein liten næringshage med relativt få målbedrifter. Forsking viser likevel at der det er ein næringshage etablert i eit distriktområde, oppnår man større meirverdi i verksemdene enn i dei områda som ikkje har næringshage.

Fylkesrådmann rår til at Gulen og Masfjorden næringshage vert løyvd kr 150 000 årleg i åra 2016 og 2017 over HNH-budsjettet.

#### **Næringshagen på Voss – kr 300 000**

Næringshagen på Voss er med i det nasjonale næringshageprogrammet. Næringshagemiljøet skal vere eit lokalt nettverkssenter og pådrivar spesielt for kunnskapsbedrifter i regionen. Næringshagen på Voss starta opp i mars 2013 og har som mål å auke den regionale verdiskapinga, gjennom utvikling av nye, og vekst i eksisterande verksemdar.

#### **Vurdering i høve til prioriteringskriteria.**

- A) Næringshagen på Voss er med i det nasjonale næringshageprogrammet og Hordaland fylkeskommune si finansiering er i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne strategi for næringshagar. Næringshagen sitt arbeid passar godt inn i hovudstrategi 1 i Regional næringsplan for Hordaland – Meir entreprenørskap og innovasjon.
- B) Finansieringsmodellen for næringshagar er slik at SIVA bidreg med 50% av driftstilskotet, fylkeskommunen bidreg med 25% og dei resterande 25% kjem får næringslivet. Driftstilskotet skal gje ei basisfinansiering som sikrar at målbedriftene får den oppfølginga dei har krav på. Driftsstøtta frå fylkeskommunen er viktig for å oppretthalde aktiviteten i næringshagen.



- C) Næringsshagen på Voss er med i INUNET, eit nettverk for dei som arbeider med etablerarar og inkubasjon i fylket. Nettverket arbeidar med deling av eigen kompetanse og kunnskap, kopling mot ulike andre nettverk, felles kompetanseheving og studieopphald, og gjennomføring av felles prosjekt.
- D) Næringshagane skal tilby kontor slik at nyetablerte bedrifter får tilgang til fellesskap med andre nyetablerarar og felles ressursar i form av vanlege kontortenester. Ein vurderer at gjennom den administrative og fysiske samlokaliseringa så får ein ei betre ressursutnytting.
- E) Næringshageprogrammet, det vil seie, opptak og drifta av kvar næringshage er basert på eit samarbeid mellom SIVA og fylkeskommunane. Evalueringar viser at basisfinansieringa til næringshagar i hovudsak må vere offentleg finansiert, for å gje føreseielege vilkår for bedriftene.

### **Vurdering av støtte.**

Evalueringar som har blitt gjennomført viser at aktiviteten i Næringsshagen på Voss er god og i tråd med krava i Næringshageprogrammet. Talet på målbedrifter veks og næringsshagen har sett seg ambisiøse mål. Som ein del av det nasjonale næringshageprogrammet skal næringshagane bli evaluert kvart tredje år, mellom anna med sikte på å vurdere vidare deltaking i programmet. I tillegg er det samtaler mellom SIVA, fylkeskommunen og den einskilde næringshage.

Fylkesrådmannen rår til at Voss næringshage vert løyvd kr 300 000 årleg i åra 2016 og 2017 over HNH-budsjettet.

### **Næringsshagen i Hardanger**

Næringsshagen i Hardanger fekk i 2015 løyvd prosjektstatus for eit år. Dette vil seie at den ikkje formelt er tatt opp i Næringshageprogrammet til SIVA, men at den skal vurderast for opptak våren 2016.

Næringsshagen vil famne om kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Ullensvang og Ulvik, og har til no 16 målbedrifter. Satsingsområda for næringsshagen er i hovudsak kortreist mat, frukt og bær, service og reiseliv.

Hordaland fylkeskommune vil med Hardanger næringshage oppfylle målet i fylkeskommunen sin strategi for næringshagar, om å få opp fem SIVA-finansierte næringshagar i fylket. Gjeve at Hardanger næringshage vert formelt med i Næringshageprogrammet til SIVA, vil fylkeskommunen gå inn med midlar på lik line med dei andre næringshagane i fylket.

Fylkesrådmann rår til at det vert sett av kr 300 000 til Hardanger næringshage for 2016 på HNH-budsjettet.

### **Connect Vest – kr 540 000**

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 540 000 årleg i perioden 2015-2017 til Connect Vest. Connect Vest er ein non-profit medlemsorganisasjon, som koplar saman gode idear og vekstselskap med ressurspersonar som har kommersialiseringserfaring innan ulike bransjar.

### **Ungt Entreprenørskap – kr 400 000**

Fylkesutvalet vedtok i februar 2014 å løyve kr 400 000 årleg i perioden 2014-2016 til Ungt Entreprenørskap.

### **Mediaregion Bergen (MRB) – kr 450 000**

Mediaregion Bergen er medlems- og interesseorganisasjonen for medieklynga i Bergen, og skal mellom anna legge til rette for høgare innovasjons- og forskingsaktivitet i medlemsbedriftene, skape internasjonale konkurransefortrinn for mediebedrifter i Bergen, legge til rette for betre ressursutnytting ved samlokalisering av mediebedriftene, og auke utviklinga av nye teknologiprodukt med marknadspotensial. Viktig er òg arbeidet med å vidareføre TV2 og Vizrt sine hovudkontor i Bergen.

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 å løyve kr 500 000 i 2015, kr 450 000 i 2016 og kr 350 000 i 2017 til Mediaregion Bergen. Grunna endringar i leiinga i MRB har Fylkesrådmannen fått ei utgreiing om organiseringa og aktivitetane i organisasjonen.

Media Region Bergen tilsette i 2015 ein eigen dagleg leiar for medlemsorganisasjonen, men denne valde å fråtre stillinga si etter omlag eit halvt år.

Frå hausten 2015 deler difor NCE Media og MRB dagleg leiar, noko som har vist seg å vere ei god ordning. Styreleiar for MRB er fortsatt Siv Tveitnes (Schibsted/BT).

Det går no meir midlar til aktivitet heller enn administrative kostnader enn det som det opphavleg var budsjettert med.

Mediaregion Bergen arbeider særskilt med to store satsingar som vert viktige i Media City Bergen; Greenhouse og medialab. Desse to gjevne prosjekta vert hovudsatsinga på entreprenørskap og innovasjon i Media City Bergen og Mediaregion Bergen har ansvaret for å konseptutvikle og drifte desse arenaene. MRB mottar støtte frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, og er elles drifta av ei stadig aukande og variert medlemsmasse. Målet for organisasjonen er å vere mest mogleg sjølvgåande ved etableringa av Media City Bergen i 2017.

Fylkesrådmannen rår til at støtta til Mediaregion Bergen vert vidareført på nivået som er vedtatt i 2015.

### **Matarena AS – kr 200 000**

Matarena AS vart oppretta hausten 2014 av næringsaktørar frå sjømatnæringa og landbruksnæringa for å auke samhandling mellom blå og grøn sektor i Hordaland. Eigarstruktur i Matarena AS er følgjande: Foreininga Smak av kysten (51%), HMP Bergen (18,52%), Hordaland Bondelag (15,48%), Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Hordaland og Sogn og fjordane (5%), Hanen Vest (5%) og Bondens marknad (5%). Det nye selskapet bygger vidare på arbeidet som tidligare har vore gjennomført i Stiftelsen Norsk Sjømatsenter som no er konkurs. Kompetansen knytt til gjennomføring av matfaglege opplæringsaktivitetar mot alt frå born og unge til profesjonelle kokkar, matfaglege prosjekt og nettverk og rådgjeving innan mat/ reiseliv vart vidareført i Matareana A/S.

- A) Fylkesutvalet slutta seg til Matstrategien «Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017» 24.09.2014. Fylkesutvalet vedtok vidare at Hordaland fylkeskommune skal samarbeide med dei regionale partnarane for å etablere ein god modell for organisering av arbeidet knytt til mat i Hordaland. Fylkesmannen si landbruksavdeling, Innovasjon Norge og Bergen kommune meiner at Matarena A/S kan inngå som ein viktig aktør i ein modell for organisering av arbeidet knytt til mat i Hordaland. Matarena A/S skal jobbe aktivt mot marin sektor, landbruk og reiseliv, tre bransjar som er peika ut som prioriterte bransjar i Handlingsplan for Næringsutvikling i Hordaland.
- B) Matarena A/S er i ein utviklingsfase og arbeider med å få organisasjonen på plass. Støtte frå fylkeskommunen er avgjerande for at Matarena A/S kan utvikle seg til ein økonomisk berekraftig organisasjon. Fylkesmannen i Hordaland stiller til disposisjon 30 % av matattaché Gunnar Nagel-Dahl si stilling for utvikling av selskapet.
- C) Selskapet skal bidra til auka samarbeid mellom blå og grøn næring når det gjeld kompetanse, FoU og produkt- og kvalitetsutvikling. Nokre av oppgåvene som tidlegare vart ivareteke av stiftingane Fiskeri Forum Vest (FFV) og Stiftelsen Norsk Sjømatsenter kan no bli ivareteke av Matareana AS. «Smak av kysten» er eit døme på eit nettverk som no driftast vidare av Matarena AS. Selskapet skal legge grunnlag for ei langsiktig "klyngeutvikling" som kan bidra til sterkare samhandling og felles tiltak for regionen innafor matmiljøet i regionen. Selskapet skal arrangere «Møteplass mat», samarbeide med det grønne initiativet for meir bedriftsretta forskning «Grøn FoU», i tillegg skal Matarena A/S vere kontaktpunkt og ressurscenter for dei mange initiativa i fylket for å skape lokale matnettverk. Matarena skal og vere eit ressurscenter og kontaktpunkt for arbeidet knytt til å auke rekrutteringa til matfaga i vidaregåande.
- D) Det er særleg langs fire dimensjoner at potensialet er stort for auka koordinering, samarbeid og ressursutnytting; Mellom landbrukssektoren og marin sektor, i verdikjeda, frå fjord/ jord til bord, Mellom offentleg, privat og FoU og mellom småskala og industrielle aktørar.

### **Vurdering av støtte**

Matarena AS skal fremje matkompetanse og mattradisjonar i fylket, noko som er viktig no som Bergen har fått UNESCO-status som gastronomiby. Støtta frå Hordaland fylkeskommune er viktig i ein utviklingsfase for

å gjere Matarena AS til ein økonomisk berekraftig organisasjon. Matarena AS vert vurdert til ein viktig paraplyorganisasjon for å få ei felles satsing på blå og grøn mat, knytt mot reiselivsopplevingar.

Fylkesrådmannen rår til at Matarena AS vert løyvd kr 200 000 årleg i åra 2016-2017.

### **8. Tidlegare vedtak i fylkesutvalet i føregåande saker gjeldande Næringsretta partnerskapsmidlar**

*Fylkesutvalet vedtok 29.08.2013 (Sak 199/13) følgjande prioriteringskriterier og forvaltingsregime for støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar.*

1. Fylkeskommunal støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar skal vurderast ut frå desse kriteria:
  - f) Aktørane skal gjennom definerte aktivitetar og tiltak medverke til å oppfylle mål og prioriterte innsatsområde i regional næringsplan, regionalt utviklingsprogram og eventuelle vedtekne næringsretta strategiar på det aktuelle feltet.
  - g) Er fylkeskommunal støtte avgjerande for eksistensen for samarbeidsaktørane, eventuelt for dei aktivitetane fylkeskommunen ønskjer å styrke.
  - h) Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre samarbeid og fagleg koordinering av innsatsen i høve til andre aktørar med same eller tilgrensande arbeidsfelt/fagområde.
  - i) Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre ressursutnytting gjennom fysisk same lokalisering, felles kontortenester etc.
  - j) For prosjekt og einingar under nasjonale næringsutviklingsprogram blir det i tillegg lagt inn som eit prioriteringskriterium om fylkeskommunale midlar vil ha ein utløysande effekt ved etablering eller medverke til monaleg høgare aktivitetsnivå. Dette skal også gjelde regionale tiltak og einingar med tilsvarande formål, men som ikkje er med i nasjonale program.
  
2. Forvaltingsregime for handsaming av søknader om støtte frå regionale næringsutviklingsaktørar:
  - a) Alle saker om fleirårige samarbeidsavtaler og støtte skal handsamast av fylkesutvalet.
  - b) Avtalene skal vere tidsavgrensa til ein periode på 3 år, men kan i tilfelle der det er særlege grunnar for det, gjelde for inntil 5 år. I ei sak om vidareføring for ein ny periode, skal samarbeidet vurderast i høve til inngått avtale og til punkt 1 over.
  - c) Moglegheita for finansiering av ein aktør over RUP budsjettet for ein periode på 3 til 5 år skal normalt nyttast før ein eventuelt fremmer forslag om overføring til budsjettposten Mellombelse driftstilskott. Aktørar som blir finansiert over Mellombelse driftstilskott, skal normalt ikkje overførast til RUP budsjettet sjølv om omfanget av samarbeidet blir justert/endra.
  - d) Fylkeskommunal støtte til aktørar under ordningar i regi av dei nasjonale virkemiddelaktørane skal skje frå RUP budsjettet, også utover ein periode på 5 år, dersom ikkje særskilte forhold talar for noko anna. Der dette er mogleg, vil dette også gjelde andre regionale aktørar med tilsvarande føremål og organisering, men som av ulike grunner ikkje er med i ei ordning under dei nasjonale virkemiddelaktørane.
  - e) Saker om vidareføring av samarbeid må vere avgjort så tidleg på året at ei eventuell vidareføring av samarbeidet kan innarbeidast i budsjettet for året etter.
  
3. I gjennomgangen av aktørar som for tida får støtte frå fylkeskommunen gjeld:
  - a) Vidareføring av samarbeid frå 2014 med alle regionale næringsutviklingsaktørar med unntak av ViilVite og BRB, skal vurderast i høve til punkt 1 over. Dette gjeld støtte både over RUP budsjettet og over Mellombelse driftstilskott.
    - b) Det vert gjort ei særskilt vurdering av om støtte til ViilVite skal bli handsama saman med næringsretta utviklingsmidlar eller bli overført til Opplæringsavdelinga sitt ansvarsområde.
  
4. Samarbeid med nye aktørar skal bli vurdert i høve til prioriteringskriteria i denne saka.

*Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015, i sak 27/2015 om gjennomgang og videreføring av samarbeidsavtaler med regionale utviklingsaktører, følgende fordeling:*

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktører over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»:
  - Destinasjonsselskapa i Hordaland med kr 650 000 for 2015
  - Fellestenester reiseliv med kr 800 000 pr år for åra 2015 til 2017
  - Regionale tiltakskontor med kr 875 000 for 2015
  - Bergen Vitensenter AS med kr 3 550 000 pr år for åra 2015 til 2017
  - HOG Energi med kr 850 000 pr år for åra 2015 til 2017
  - Western Norway Film Commissson med kr 500 000 for 2015
  - Filmfondet FUZZ med kr 650 000 for 2015
  - Impact HUB Bergen med kr 570 000 pr år for åra 2015 til 2017
  
2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktører over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015:
  - NCE Media med kr 350 000 pr år for åra 2015 og 2016
  - NCE Maritime CleandTech med kr 350 000 pr år for åra 2015 og 2016
  - UPTIME Centre of Competence med kr 300 000 pr år for åra 2015 og 2016
  - Nordhordland næringshage med kr 300 000 pr år for åra 2015 til 2017
  - Connect Vest med kr 540 000 pr år for åra 2015 til 2017.
  - Mediaregion Bergen med kr 500 000 for 2015, kr 450 000 for 2016 og kr 350 000 for 2017.
  
3. For all støtte under punkt 1 og 2 gjelder at støtte for 2016 og 2017 kan bli justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.